

Referat frå styremøte nr. 5 – 2015

Dato: 25.09.2015

Tid: Kl. 09.00 – 12.00

Til stades: Ålesund Kunnskapspark, møterom Ørnetua

Frå styret:

Styreleiar Anders Riise, Hareid kommune

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune (til kl. 10.10)

Styremedlem Astrid Eidsvik, Ålesund kommune

Varamedlem Einar Vik Arset, Ulstein kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Rådgivar Erlend Krumsvik

Forfall:

Nestleiar Geir Ove Vegsund, Sula kommune

Styremedlem Arild Iversen, Volda kommune

Styremedlem Eva Kristin Fjørtoft, Sandøy kommune

Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune

Varamedlem Bjørn Inge Ruset, Norddal kommune

Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune

Varamedlem Jan Berset, Ulstein kommune

Varamedlem Marit Elisabeth Larssen, Giske kommune

Referent: Vegard Sperre Austnes

Referatdato: 26.10.2015

Sak 27/2015: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.

Ved styreleiar Anders Riise

Det var ingen merknadar til innkallinga. Som saker til eventuelt meldte dagleg leiar Jan Kåre Aurdal inn to saker. Den første gjaldt spørsmål frå Maritimt Forum Nordvest om Sunnmøre Regionråd vil bli medlem der. Den andre gjaldt tilbud frå Anne Breiby om å kome på styremøte i Sunnmøre Regionråd for å orientere om kurs i styrearbeid.

Sak 28/2015: Godkjenning av referatet frå forrige styremøte (nr. 4 - 2015) 24.06.2015

Referatet følgjer vedlagt. Ved styreleiar Anders Riise.

Det var ingen merknadar til referatet frå forrige møte.

Sak 29/2015: Vidare drøfting av revidert strategi for perioden 2016 - 2018

Innleiing ved styreleiar Anders Riise og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal, samt ekstern konsulent Odd Harald Karlsen frå Reputation in Mind AS

Odd Harald Karlsen viste til at han hadde fått i oppdrag av administrasjonen i regionrådet å hjelpe til med å utarbeide ein visjon for selskapet. I dette arbeidet har han hatt samtalar med dei fleste styremedlemmane. Resultata av samtalanane har vorte dokumentert i form av notat. Notata vart delt ut i møtet.

Karlsen tok opp med styret kva som er regionrådet sine viktigste oppgåver, og ba styret om å prioritere mellom desse. Han bad om «signal» som kunne takast tilbake for å formulere eit forslag til ein god visjon.

Sak 30/2015: Rekneskapsrapportering periode 1-8 2015. Ved dagleg leiar Jan Kåre

Aurdal

Dagleg leiar viste til at rekneskapsrapporten for perioden 1-8 2015 viser at selskapet ligg godt an økonomisk for 2015. Styret tok orienteringa til vitande.

Sak 31/2015: Orienteringssak: Politireforma – lokalisering av administrasjonsstad for nye Møre og Romsdal politidistrikt. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Jan Kåre Aurdal orienterte om at det skal vere ei høyring om lokalisering av administrasjonsstad for nye Møre og Romsdal politidistrikt.

Sak 32/2015: Orienteringssak: Nytt fengsel på Sunnmøre. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Jan Kåre Aurdal viste til at nytt fengsel på Sunnmøre er prioritert i stortingsmeldinga som skildrar kapasitetssituasjonen i kriminalomsorga og moglege løysingar for framtida. Saka skal opp i Stortinget til våren. Framover handlar det om å få tomte klar reguleringsmessig, samt sikre ressursar til vidare planlegging.

Sak 33/2015: Vidare arbeid med kommunereforma. Ved rådgivar Erlend Krumsvik

Rådgivar Erlend Krumsvik presenterte det arbeidet Sunnmøre Regionråd har gjort med kommunereforma. Han viste til at det vidare arbeidet får ei ny politisk organisering fordi det etter valet går mot ordførarskifte i 15 av 19 deltakarkommunar. Veggen vidare vil krevje ei fornying av det politiske mandatet frå representantskapet og ein restart av arbeidet med reforma.

Krumsvik ga ei oversikt over planlagte aktivitar framover, mellom desse er studietur til Danmark, folkevaltopplæring om reforma og arrangementet Arena Sunnmøre.

Sak 34/2015: Tilsetting av ny medarbeidar i Sunnmøre Regionråd. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret bestemte å utsetje vurderinga om ein skal tilsetje ny medarbeidar i fast stilling til styremøtet 13. november 2015.

Sak 35/2015: Eventuelt

Når det gjaldt spørsmålet om medlemskap i Maritimt Forum Nordvest ville styret vente med å ta stilling til dette til etter at ein var i mål med strategiprosessen.

Når det gjaldt førespurnaden frå Anne Breiby om å kome på styremøte for å orientere om kurs i styrearbeid så var styret i utgangspunktet positiv til det. Administrasjonen i regionrådet fekk til oppgåve å undersøkje kva kommunerevisjonen ved Vest kontroll planlegg når det gjeld styresamlingar.